



## Notat

**Til:** Fylkesutvalet, 4.november 2015

**Frå:** Fylkesrådmannen

### Opplæring for folkevalde 2015-2019

#### 1) Innleiing

Dette notatet er ei vidareføring av notat, datert 21.september d.å., som FU handsama under *Skriv og meldingar* 30.september d.å. og 12.oktober d.å.

12.oktober d.å. fatta FU slikt vedtak:

*Det vert organisert opplæring for folkevalde 23. og 24.november med følgjande tema:*

- Økonomi
- Praktiske forvaltingsspørsmål
- Folkevalde sine kontaktpunkt i administrasjonen
- Regionreforma.

Fylkesrådmannen vil med dette notatet skissere eit opplegg som følgjer opp vedtaket frå 12.oktober og som omhandlar opplæring som må utsetjast til våren 2016.

Fylkesrådmannen ønskjer FU si godkjenning på følgjande:

- Dato for opplæring våren 2016: 11.april og/eller 12.mai
- Bistand frå KS i samband med opplæringa våren 2016

#### 2) Framlegg til opplæringsprogram

<b>Måndag 23.november 2015</b>	
<b>Tidsrom:</b> 10.00 – 11.30	
<b>Tema</b>	<b>Tidsbruk</b>
Regionreformen	30 minutt
Økonomi og budsjett	60 minutt

<b>Tysdag 24.november 2015</b>	
<b>Tidsrom:</b> 09.00 – 11.00	
<b>Tema</b>	<b>Tidsbruk</b>
Politisk og administrativ organisering <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fylkesting</li> <li>• Fylkesutval</li> <li>• Hovudutval</li> <li>• Kontrollutval</li> </ul>	45 minutt



<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fylkesrådmannen</li> <li>• Sektorane/avdelingane</li> <li>• Tenesteeiningane</li> <li>• Delegeringsreglementet</li> <li>• Folkevalde sine kontaktpunkt i administrasjonen</li> </ul>	
Pause	15 minutt
<b>Praktiske forvaltningsspørsmål</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeidsvilkår for folkevalde (generelt)</li> <li>• Reiserekning</li> <li>• Utlegg</li> <li>• Tapt arbeidsforteneste</li> <li>• Dokumentasjonsplikt</li> <li>• Godkjenning av tenestereiser (utanom FT og møte i utval)</li> <li>• Kontaktperson for praktiske spørsmål og avklaringar</li> </ul>	60 minutt

For temaet *Praktiske forvaltningsspørsmål* har vi lagt inn god tid slik at det skal vere høve for dei folkevalde å stille spørsmål og få avklaringar, eventuelt ta opp andre tema enn dei som er lista opp her.

<b>Måndag 11.april og/eller torsdag 12.mai</b>	
<b>Tidsrom:</b> Som del av politikardagen	
<b>Tema</b>	<b>Tidsbruk</b>
Folkevald: Roller og ansvar <ul style="list-style-type: none"> <li>• Representere innbyggjarane</li> <li>• Styringsrolle/ansvar</li> <li>• Leiarrolle/ansvar</li> <li>• Arbeidsgjevarolle/ansvar</li> <li>• Eigarskap <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Aktivt eigarskap</li> <li>▪ Roller og rolleblanding</li> <li>▪ Våre rutinar knytt til oppfølging av eigarskap (spesifikt for Sogn og Fjordane fylkeskommune)</li> </ul> </li> </ul>	Ikkje bestemt
Regional planlegging <ul style="list-style-type: none"> <li>• Føringar for og innhald i planlegginga</li> <li>• Arbeidsformer</li> </ul>	Ikkje bestemt
Juridisk rammeverk <ul style="list-style-type: none"> <li>• Norsk lovgjeving <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kommunelova</li> <li>▪ Forvaltningslova</li> <li>▪ Offentleglova</li> </ul> </li> <li>• Ugildskap</li> <li>• Teieplikt</li> <li>• Forfall</li> </ul>	Ikkje bestemt

Temaet *Folkevald: Roller og ansvar* ønskjer fylkesrådmannen å gjennomføre med bistand frå KS.

Underpunktet om *Eigarskap* vil fylkesrådmannen gjennomføre i samsvar med det som er gitt i eigarmeldinga for 2015, punkt 3.3, generell del (FT-sak 0036/15) der det står:

### **3.3 Opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap**

Det er vedteke ein plan for opplæring av folkevalde om eigarrolla for å styrke den fylkeskommunale eigarskapen.

#### Plan

Innan 6 månader etter fylkestingsvalet, skal dei folkevalde få opplæring i eigarrolla og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging, samt status for selskapa. Etter 2 år skal det haldast eit oppfriskingsseminar.

#### Innhald

Det er viktig at dei folkevalde har kompetanse knytt til regelverket for eigarstyring og kva styringsmoglegheiter dei har for dei selskap fylkeskommunen har eigardelar i. Dei folkevalde må få innsikt i ulike roller som folkevald, styremedlem og representant i eigarorganet til selskapet.

Det er behov for at dei folkevalde er bevisst dei ulike rollene, styringslinene og ansvarsfordelinga mellom dei ulike organa for å kunne utøve best mogleg aktivt eigarskap. Opplæringa vil klargjere korleis eigarkommunikasjon til eigarorganet i selskapet skal skje. Tidspunktet for opplæring vert bestemt av fylkesutvalet. ”

#### Kort om opplæring av styremedlemmar

Fylkestinget er av den oppfatning at det enkelte selskap har ansvar for opplæring av sine styremedlem når det gjeld rettslege råmer som har betydning for selskapet, samt kunnskap om selskapet sitt føremål, verksemd, vedtekter, organisasjon og historie. Fylkeskommunen som eigar gjev styrerrepresentantane naudsynt selskapsinformasjon i [Del II – VERKSEMDSOVERSIKT](#), her mellom anna selskapet sitt føremål og eigar sitt føremål med eigarskapen. I enkelte tilfelle der fylkeskommunen direkte peiker ut representantar til styret kan det etter ei nærmare vurdering vere hensiktsmessig at eigar gjennomfører eigen innføring/opplæring av styrerrepresentanten.

På grunn av at opplæringa blir delt opp og at andre del blir gjennomført 11.april eller 12.mai 2016, vil ikkje fristen om opplæring innan 6 månader etter fylkestingsvalet kunne haldast. Fylkesrådmannen meiner likevel at avviket er akseptabelt dersom framleggget til opplæring for dei folkevalde, slik det er planlagt og lagt fram her, blir gjennomført.